

Kosa seg under tak

Regnvêret la ein liten dempar på Solsikkedagane denne helga. Men oppslutninga på tilstellingane innandørs i messetelta og på senteret på Fiskå var stor.

VANYLVEN. Heldigvis var mange av programinnslaga under tak, og messeteltet på parkeringsplassen på Fiskå var stappfullt av folk ved fleire høve laurdag. Frisør Silje Rusten arrangerte hårshow, og fekk god respons frå lokalbefolkninga. Faktisk var det ikkje plass til alle som ville sjå inne i teltet. Derfor måtte ein fjerne delar av veggane, slik at også dei som stod utanfor, fekk med seg dei nye sveisane til modellane.

– Solsikkedagane er ein fin måte for dei næringsdrivande i kommunen til å fronte det dei driv med. Dette er ein av dei dagane der folk samlar seg i sentrum. Det var verkeleg kjekt at så mange møtte opp for å sjå. Under framsyninga hadde vi med 45 kvitkledde modellar med nye frisyrrar. Vi la opp til eit variert show med både

rørande og humoristiske innslag, kunne Rusten opplyse.

For dei minste var barneteateret mellom høgdepunkta. Dei to damene Ane Haga og Mariann Løseth framførte eit skodespel om to venninner.

– Framsyninga handla om vennskap, merksemd og sjalusi. Når ein tredje person kjem inn bildet, endrar situasjonen seg. Men heldigvis blir alle vennar att til slutt. Heile forestillinga blir framført utan bruk av språk, kunne dei to opplyse.

Hedda Marie Hildre (4) og Linnea Hildre (3) var mellom dei som såg skodespelet. Dei kosa seg saman med dei andre borna i teltet.

– Det var artig og kjekt, men det var litt rart at dei ikkje snakka. Dei to damene gjorde mykje spanande. Dei hadde til og med med seg eit hus dei hengte opp framme på scena, kunne borna fortelje.

VAGN SCHEIDE MORK
nyheit@smp.no